

# KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Mai 1994

48. årg.



Kom, Heilag Ande, himmeltrøyst,  
du hjartans von og vinning!  
Kom ned og lei oss med di røyst,  
med ljøs og råd og minning.  
Kom til din kyrkjelyd  
og Kristus for oss tyd!  
Lat livet i ditt ljøs,  
som elvi til sin os,  
til himmerike renna!

Kom ned som ljøs i mørke stad,  
som vårdag over vangar,  
som sumar utan solarglad,  
som vind med søte angar!  
Kom ned og fyll ditt hus  
med heilag lovsongs sus,  
lat i ditt tempeltjeld  
ein stendig altareld  
i takk og bøner brenna!

Kom ned som solskin over mold,  
så natt og frost må røma!  
Lat Ordet bera hudre foll,  
og Herrens hage bløma!  
Kom ned med livsens gror!  
Gjer hausten rik og stor!  
Kom ned og kyrkja bygg,  
så ho kan standa trygg  
når alt på jord skal falla!

(Elias Blix)

## Krafta

Av Rune Øystese (KPK)

Pinsa er høgtid for krafta. Vi feirar at Guds kraft vart gjeven til den fyrste kyrkjelyden ved Den Heilage Ande. Men pinse er for mange også ei høgtid med frustrasjon og lengt. Frustrasjon over eiga kraftløyse og mangel på heilagt liv. Lengt etter ein ny start, etter eit nytt møte med Jesus og etter verkeleg å kjenna Gud, ikkje berre kunna mykje om han.

Men Pinsa er ikkje ei høgtid for dei sterke. Tvert om. Guds kraft er ikkje knytt til styrke, men til veikskap.

Læresveinane hadde nyleg opplevd sitt store nederlag. Då deg galdt mest, hadde dei svikta. Fremst på pinsedagen stod Peter. Alle kjende til fornekinga hans. Det var ikkje ei samling av sterke, vellykka personar som opplevde eldtungene pinsedagen. Dei var menneske som kjende på at dei var veike, nett slik som vi. Men veikskapen deira hadde ført dei saman i bøn. Difor var dei menneske som også kunne kjenna Guds kraft. For det er ei løv i Guds rike at hans kraft vert fullenda når vi kjem til han i vår vesaldom.

Dette er pinseevangeliet til alle oss som kjenner på at vi ikkje er gode nok. At vi ikkje meistrar det reine livet eller det kraftfulle vitnemålet. Krafta er også ei Guds gåve som han gjev ufortent, av nåde. Når eg er veik, er eg sterk. For då kan det bli tydeleg at Gud gjer noko gjennom meg. Pinsebodskapen gjer at maktesløysa vert ei mogelegheit, ikkje ei hindring. Gud brukar den som ingenting er.

Så er då pinseevangeliet også eit kall til oss. Vi kan ikkje lenger orsaka oss med at vi er veike og seia: -Bruk andre, eg er ubrukeleg. Vi er kalla til å søkja kraftkjeldene som Gud gjev oss, slik at krafta frå hans oppstode kan bli

ein del av vårt liv. Gud ser ikkje fyrst og fremst etter evnene våre, men etter at vi er viljuge.

## Nye kyrkjelydar?

Eg las her om dagen nokre ord frå ein kjend kristenleiar: "Er du i en menighet der du verken trives eller er til velsignelse, så bryt ut". Han meinte at ein slik kunne starta nye kyrkjelydar.

Kva seier bibelen om ein slik tankegang? Eg merkar meg to ting.

For det fyrste finn eg ikkje eit einaste eksempel i bibelen på at ei slik løysing vert tilrådd. Det kunne vera mange ting å setja fingeren på i kyrkjelydane den gongen òg. Det kunne vera labert andeleg liv, skakke oppfatningar av den kristne budskapet eller manglande kjærleik mellom dei som trudde. Det kunne òg vera svært handgripelege synder som apostlane måtte slå ned på i kyrkjelydane. Likevel oppfordra dei ikkje til å starta nye og betre kyrkjelydar som svar på dette. Tvert imot!

Og no kjem eg til det andre som eg merkar meg. Bibelen oppmodar dei kristne til å halda ihop. Omatt og omatt vert det prenta inn. Aldri er det snakk om å starta si eigen butikk dersom ein ikkje finn seg til rette. Derimot heiter det: "Ver audmjuke, ta dykk ikkje til rettes, men ver tolsame, så de ber over med kvarandre i kjærleik. Legg vinn på å vera eitt i Anden, i den fre som bind saman." (Ef. 4,2)

Like før Jesus gav sitt liv på krossen, bad han for oss som skulle koma til tru på han: "Eg bed om at dei alle må vera eitt." Dette var Jesu siste vilje før han døydde. Og i denne bønna til Faderen seier han kvifor:....så verda skal tru at du har sendt meg." (Joh. 17).

Kyrkjelyden i Korint var rike på alt - på all tale og all kunnskap. Dei vanta ikkje noko nådegåve. Likevel måtte Paulus skriva til dei som til umogne kristne. Kvifor? Det var misunning og strid mellom dei. "Eg legg dykk på hjarta, brør, i vår Herre Jesu Kristi namn, at de må vera samde. De må ikkje skilja dykk i flokkar, men la alt koma i rett skikk, så de har same syn og same tanke." Vidare spør apostelen: "Når ein seier: "Eg held meg til Paulus" og ein annan "Eg til Apollos", er de ikkje då som alle andre menneske?" (1. Kor. 1 og 3).

Når kristne ikkje kan halda ihop under same tak, er det eit nederlag - for baa partar. Det er eit sår i Kristi lekam. Kristus vert delt! Det er ei sorg.

(Kjell Arne Norum)



Utdeling av Godt Nytt til 4.klassingar frå Dale og Stanghelle i Dale Kyrkje 20. mars.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

## Ny sokneprest

Så er det endeleg avgjort kven som vert ny sokneprest i Vaksdal. I april svara Frode Kvamsøe ja til å ta i mot stillinga. Han kjem nå frå Hammerfest i Finnmark. Kjell Arne Norum seier at dei vonar å vera i hus på Dale etter ferien. I slutten av august vil det sansynligvis verta gudsteneste der den nye soknepresten vert sett inn. Så då vil me ynskja han og kona Kristi og borna Kristian, 3 år og Håkon, 1 år, velkomne til Vaksdal.

## Påskeleir på Fagertun

30.03.-04.04.

I påsken var 20 ungdommar samla på Samemisjonen sin Leirstadi Eksingedalen. Der hadde me det veldig kjekt.

Kvar dag var det bibeltime med Ingvar Skeie frå Bergen, og etterpå samtala me om det me hadde høyrd i små grupper. Det var fleire samlingar om dagen med andakt, lovsong og leikar.

Det store høgdepunktet var Snjofestivalen. Der fekk me visa våre evner i akebakken, skiskyting (med snøball), lagging av skulpturar (i snøen) og kreativitet innan dikting av reklamar og heiarop. Den eine dagen var dei som ville i gymsalen på Bergo og spelte ballspel, medan resten lagde trolldeig og påskepynt.

Det vart ikkje så mykje skigåing, for fleirtalet ville heller vera ute i snøen og spela "rugby". Første påskedag var det flaggheising og me var i kyrkja på Nesheim. Sjølv om veret ikkje var det beste hadde me ein fin leir. Me kjem nok tilbake.

Ane Laastad Dyvik og Marie Benedikte Steinnes

## Unge vil lage nye gudstenester

Ei kyrkje utan gudstenestefeiring er utenkjeleg. Samtidig viser det seg at mange unge ikkje finn seg til rette med den liturgi og gudstenesteform vi har i dag. Dette ynskjer prosjektet "Ung Messè 94" å gjera noko med. Bak prosjektet står Noregs KFUK/M. Dei har søkt om støtte frå Kyrkjerådet og Særfond II.

Prosjektet tek sikte på å la uttryksformene ti dei unge prega utforminga av ei "ung gudsteneste". Det skal involvera unge i utforming og gjennomføring av gudstenester, samtidig som det må skje med respekt for den liturgi vi har i dag, og for eigenarten til gudstenesta.

Målet er å ha seminar om dette og så prøva å få til ei slik gudsteneste i alle Domkyrkjer på ein og same dag til hausten.

(KYRKJEINFO)

## Nattkafé

Nattkafear på Bedehusa har vore ein realitet i heile eåter vinter og vår. Frammøtet tyder på at det er trong for eit slikt tiltak. Der får ungdom treffa andre på same alder og vera med i ei positivt miljø. Det er ulike aktivitetar å vera med på.

Me spør Jostein rene om det vert framhald til hausten.

-Jo, det reknar eg med, seier han. Men det vil koma oppslag når me kjem til hausten.

Nedanfor ser de dei siste kafeane dette halvåret: (Førebels plan)

Laurdag 28. mai, Stanghelle Bedehus  
Laurdag 4. juni Vaksdal Bedehus  
Laurdag 11. juni Stanghelle Bedehus  
Torsdag 23. juni Jonsokfeiring, uklart kvar. Når det gjeld dei andre datoane kan det verta endringar, sjå etter plakat.



Spel og musikk er nokre av tilboda på nattkafeane.

(Foto: Leif Kringlebotten)

## Jubileum

I høve at Anton Hesjedal frå Dale var 90 år 3. mars har me teke ein tur til han for å høyra litt om hans rike liv som musikkar og dirigent.

### Barndom

-Korleis var fritida den gong du vaks opp?  
-Fritida mi var den gongen mest berre song og musikk. Då eg var 10 år gamal vart eg med i Dale Indremisjon sin strengemusikk for barn. Leiår var Maria Olsnes og ho spela mandolin. Sjølv spela eg fiolin, og jentene spela gitar. Det var berre eg og jenter, men det var kjekt, seier Anton Hesjedal, om desse åra i barndomen.

-Bror min, Jakob, hadde fiolin, men den fekk eg ikkje røra. Men freistnaden vart for stor. Etterpå vanka det kjeft. Han låste fela ned i ei kiste, men eg fekk opp læsen likevel. Eg spelte på fela så ofte eg kunne.

### Dale Musikkforening

-Var ikkje du med i Dale Musikkforening også?  
-Jo, der starta eg som 12-åring. Eg spelte althorn. Det var heilt uvanleg at ein gut på 12 år var med i noko slikt. Eg slutta i Dale Musikkforening i 1932. Grunnen til at eg slutta var at det gjekk ut over helsa. For frå 1928 hadde eg vore med i musikkforeninga. Dale Musikkforening sitt strykeorkester pluss at eg hadde vore dirigent for Dale Indremisjons kor. Doktaren gav meg beskjed om å slutta med alt som heitte musikk å reisa vekk å kvika meg. Eg var då vekke ei tid. Då eg kom att hadde eg valet mellom Dale Musikkforening og Indremisjonskoret. Gud hadde gjeve meg ei nådegåve til musikk og den ville eg gje han attende, så det vart koret.

### Vekking

I tida før krigen kom det mange til Dale for å få seg arbeid. I krigsåra var det vekking på staden her og Indremisjonskoret fekk mange nye medlemmer. På det meste var det omlag 50 med. Koret var ein realitet til i 1968 då det gjekkinn grunna for få damestemmer. Grunnen til mangel på damestemmer var mellom anna at nokre av dei gifte seg og drog til andre stader. Men same året starta eg opp med Dale Misjonskvartett og den vart i omlag 20 år. Då gjekk den inn grunna dødsfall og for lite til å få fire stemmer. Så alt i alt har eg vore dirigent i omlag 60 år, fortel Anton Hesjedal.

### Rikt liv

-Kva har du hatt att for dette?  
-Det er ikkje så lett å svara på, men det har vore eit rikt liv. Eg har fått vore mykje rundt både med kor og kvartett og forkynt evangeliet i song og musikk. Me fekk vera med på mange store møte og stemner.  
-Livet har vel ikkje berre vore musikk?  
-Nei, som 14-åring tok eg til i fabrikk etter framhaldsskulen. Det året eg var 17 år var eg med Karl Hesjedal på eit stemne for Nordhordland Indremisjon og spelte. Om hausten det året skulle ein som heitte Vikøren ta til som rektor ved Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug. Han ville at eg skulle ta til som elev slik at dei hadde ein som kunne ta seg av musikken. Det var ein stor kostnad, men ein handelsmann som var på same stemna sa seg villig til å betala for opphaldet. Etter året på Frekhaug skreiv Karl Hesjedal til styret for Nordhordland land Indremisjon og spurde om han kunne få ha meg med på reisene sine. Eg arbeidde gratis, men fekk dekt reiseutgifter.

### Yrke

-Kva yrke har du hatt?  
-Eg har arbeidd som handelsbetjent. Før eg starta opp Indremisjonskoret arbeidde eg på Bruvik Handelslag. Der starta eg eit kor. I det koret var det ei som heitte Judit som var frå Olsnes. Ho vart eg gift med i 1932. Då arbeidde eg som betjent på Dale Handelsforening. Så du kan seia at det var musikken som førde oss saman. Etter 25 år i Handelsforeningen tok eg til med eigen kolonialbutikk. Først på Eikhaugen og seinare i kjellaren til Jakob Lid i Dalseiddalen. Der heldt eg på til eg gav meg i 1973, 69 år gamal, seier Hesjedal. Me takkar Anton Hesjedal hjarteleg for praten og ynskjer han gode år vidare.



Anton Hesjedal, dirigent i 60 år.  
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Dale Indremisjons kor. Biletet er frå 30-åra.

## Bønedag

Fredag 4. mars var det Kvinnenes Verds Bønedag i Dale Kyrkje. Hovudparolen i år var eit opprop frå kristne palestinske kvinner i Jerusalem. Dei ba om bøn for fred og forståing mellom folkeslaga. Opplegget føl eit mønster med bøn og bibellesing. Dette er viktig for bøna si makt er stor.

### Ei bøn for år 2000

Alfred Hauge seier det slik i diktet: "Ei bøn for år 2000".

"Herre, eg bed for alle menneske som måtte leva på jorda i år 2000, at dei nytta havet og vår gode jord så det blei mat nok til alle då, at ingen barn skulle strekkja hender ut etter brød utan å nå det, men at også menneskets hunger etter det evige varde ved.

Døyr vår hunger etter deg, Gud, då døyr også vår hunger etter å bli menneske, uavlateleg meir menneske.

Herre, eg bed at rettferd kunne sigra i år 2000, at rike og mektige ikkje måtte misbruka si makt, men bruka henne slik vi alle burde gjera oss nytte av synet, hendene, våre kjensler og vår intellekt - alt saman verdier vi kan missa i eit tusendels sekund og for alltid bli sette utanfor.

At ulv og lam kunne beita saman bed eg, at det vonde måtte fordrivast som tørke gjennom vedvarande regn.

Å Herre, er det slik at når eg bed om dette, då bed eg om at alt som er no, ikkje er i år 2000, og at alt som ikkje er no, er i år 2000, då er det dette eg bed om: -at du har sett opp status for vår fallittbu, og gjort til røyndom det du ein gong sa du ville gjera til røyndom:

"Sjå eg gjer alle ting nye!"

Og det bed eg om Herre.

(Alfred Hauge, 1969)



Nokre av dei som var med på Kvinnenes Verds Bønedag i Dale Kyrkje


(Foto: Eli Kringlebotten)

## Barneside

### Pinsekryssord

I Apostelgjerningane kapittel 2, vert det fortalt om det som hende då Den Heilage Ande kom til læresveinane pinsedagen. Peter heldt ein lang tale, og folk frå mange ulike stader høyrde bodskapen om Jesus på sitt eige tungemål. Tre tusen vart døypte denne pinsedagen. Den første kristne kyrkjelyden var grunnlagd.

Les kapittel 2 i Apostelgjerningane, då vil du også finna løysingane som trengst i kryssordet. I søyla nedover finn du staden der læresveinane var samla pinsedagen.



1. Profet i Det gamle testamente som hadde fortalt om Den Heilage Ande.
2. Kor mange var Peter i lag med? (v.14)
3. Ein av dei stadane det var kome tilreisande frå.
4. Sette seg på læresveinane.
5. Det var han Peter si pinsepreik handla om.
6. Der møttest dei kristne kvar dag (v. 46).
7. Kva skulle Gud fylla David med? (v. 28).
8. Blir kvar den som kallar på Herrens namn (v.21).
9. Stod opp frå dei døde (v.31).

**LEIRAR PÅ FAGERTUN I SOMMAR****Sommarleir 24.-27.juni**

Alder: Ferdig med 7. klasse.  
Pris: Kr. 300,-. Kr. 50,- i påmeldingsgebyr.  
Påmeldingsfrist: 13. juni.

**Eldreleir 28.juni - 3.juli**

Pris: Kr. 650,-. Kr. 100,- i påmeldingsgebyr.  
Påmeldingsfrist: 14.juni 94.

**Fjellvandringsleir 5.-7.august**

Alder: Ferdig med ungdomsskolen.

**Sommarleir 18. - 21.august**

Alder: Ferdig med 3.kl. ferdig med 6. kl.  
Pris: Kr. 300,-. Kr. 50,- i påmeldingsgebyr.

Er du interessert i å delta på ein eller fleire av leirane, så ta kontakt med:

Norges Samemisjon  
Sparebankgt 4A  
5017 Bergen  
(tlf.: 55 31 65 06).

**FAGERTUNSTEMNE****Laurdag 4.juni**

Det vert ope møte på Fagertun kl.20.00. Tale ved generalsekretær Magne Gamlemshaug. Offer.

**Søndag 5.juni**

Fagertunstemne kl. 11.00. Ope møte med inviing av internatet. Tale ved generalsekretær Magne Gamlemshaug. Mat og basar for Fagertun barnelag.

*Du er hjarteleg velkomen!*

**SUMARLEIRAR 94  
PÅ RAKNESTUNET.**

YNGRESLEIR	4.-6.kl.	23-26/6	kr.350.-
GENERASJONSLEIR		27-30/6	kr.600.- voksne kr.300.- barn
YNGSTESLEIR	2.-3.kl.	1-4/7	kr.300.-
YNGRESLEIR	4.-6.kl.	6-10/7	kr.350.-
YNGSTESLEIR	2.-3.kl.	11-14/7	kr.300.-
FAMILIELEIR		27-31/7	kr.800.- ektepar kr.600.- voksne barn 4-16 år kr.350.- barn under 4 år Gratis.
Makspris pr.familie, kr. 1800.-			
TENÅRINGSLEIR	7.-9.kl	3-7/8	kr.450.-
UNGDOMSLEIR	9. og eldre	10-14/8	kr.500.-

Klassetrinna som er sett opp gjelder den klassen du skal ta til i til hausten, skal du begynne i 4. klasse, då kan du reisa på yngresleir.

Næmare opplysningar og påmelding til:

Nordhordland Indremisjon, 5100 Isdalstø. Telf. 56351955.

**Handskreven Bibel**

"Aksjon Handskreven Bibel", som vart starta på Bibeldagen i 1993, har snasrt samla inn to millionar kroner til Ukrainske biblar. Det er skreve nærare 66.000 vers. Den store deltakinga har vore svært gledeleg.

**Eldste deltakar**

Eldste deltakar kom frå Vaksdal kommune. Det var Ingebjørg Straume som vert 102 år til hausten. Yngste deltakar var halvtanna år, med påhalden penn.

Eldre dame sa det slik:  
"Den som har gjeve eit menneske ein bibel, har ikkje levd til fånnytt."

**Kyrkjeskys**

Om nokon ønskjer skyss til kyrkja, så ver så snill å seia ifrå til eit av prestekontora!

Vi vil gjerne kartleggja trøngen, og sjå om vi kan finna betre ordningar. Ikkje ver redd for å seia ifrå dersom det er vanskeleg å koma til kyrkja på eiga hand.

(Kjell Arne Norum)

**Kontingent**

I fylgje kasserar for kyrkjebaldet er det kome inn vel 30000,- kr i kontingent ved utgangen av april. Vi oppmodar fleire til å nytta betalingslippen som låg i bladet for februar.

Bank/postgironr. står også i bladet om du manglar giro.

(Red.)

**Takk**

Hjertelig takk for all deltakelse og blomsterhilsener ved min kjære mann, far og svigerfar, Mons M. Stamnes sin bortgang.

Kari  
Bjørn Martin og Elin

**STOFF TIL NESTE NR.**

• må vera kome redaktøren i hende innan 3. juni 1994.  
• Ver rask grunna kort frist.

• Bladet kjem ut i veke 26 som byrjar med 27. juni

• Ragnvald

**Samtale med presten**

• Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på telefon på førehand.  
• Prestane har teieplikt.

**Vaksdal prestegjeld**

• SOKNEPRESTIKONTORET tlf. 56 59 61 20  
• tysdag, onsdag og torsdag kl. 9.00-13.00, er fullmektigen på kontoret.

• Res.kap. Kjell Arne Norum  
• tlf. 56 59 70 88 Mobil 945 02992.  
• HUGS, måndag er presten sin fridag.

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: Kr. 60,-

Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp.mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

## SLEKTERS GANG

### Døypte



#### DALE

- 20.03 Andrea Andreassen Sellevold  
20.03 Aina Kristine Berg Marx  
20.03 Espen Valestrand Wefring  
09.04 Karina Kimberling Dankertsen

#### VAKSDAL

- 17.04 Cecilie Lindholm Tefre  
17.04 Johan Torkilsen Bruvik



### Avlidne



#### DALE

- 10.03 Berta Mykkeltveit f. 1898  
12.03 Arthur Felle f. 1918  
19.03 Regina Petrea Fjellanger f. 1895  
10.04 Richard Stürtzel f. 1921  
20.04 Gudrun Kvarekval f. 1907

#### STAMNES

- 02.03 Nils Mons Vik f. 1915  
07.03 Andreas Holme Ulevik f. 1936  
09.04 Mons M. Starnes f. 1914

#### EKSINGEDALEN

- 08.04 Nils A. Flatekval f. 1913  
14.04 Arne Lavik f. 1910

#### VAKSDAL

- 27.02 Peder Langhelle f. 1913  
28.03 Edith Jensen f. 1925



## VELKOMEN TIL KYRKJE



21.mai - pinseaften

EIDSLAND kl.19. Musikkandakt

22.mai - 1.pinsedag

DALE KL.11 Høgtidsgudst. Vikar. Nattv.  
Offer til Kristen Videregående skole  
i Nordland.

EKSINGEDALEN KL.11 Konf. gudst. Norum.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN KL.16 Vikar. Nattverd.

23.mai . 2.pinsedag

VAKSDAL KL.11 Høgtidsgudst. Vikar. Nattv.  
Offer til norsk Misjon i Øst.

STAMNES KL.11 Høgtidsgudst. Norum. Nattv.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

29.mai - Trierings søndag

NESHEIM KL.16 Vikar. Offer til Den  
Norske Santalmisjon.

5.juni - 2.søndag etter pinse

VAKSDAL KL.11. Norum. Nattverd.

DALE KL.18. Norum. Offer til KABB-  
Kristent Arbeid Blant Blinde

12.juni - 3.søndag etter pinse

STAMNES KL.11 Vikar. Nattverd. Offer  
til Starnes Ungdomskor/Ving.

FITJAVASS-STEMNA KL.12 Norum.

19.juni - 4.søndag etter pinse

DALE KL.11. Norum. Nattverd. Offer til  
Den Norske Santalmisjon- GÅ UT-  
sen-  
teret.

EIDSLAND KL.11 Vikar. Nattver. Offer til  
Den Norske Sjømannsmisjon.

VAKSDAL KL.20 Sommarkonsert.